

Prosjektplan

Prosjekttittel: E-helse Vestland 2023

«Etablere Vestland som ein kraftregion for bruk av teknologi i helse- og omsorgstenesta»

Prosjektplan for 2023

Vi syner til tidligare prosjektsøknadar. Denne søknaden gjeld for prosjektåret 2023, som ledd i ein seksårig plan (2020 – 2025). Prosjektet har utvikla seg undervegs, og i denne søknaden gjer vi greie for status og for dei nye aktivitetane i 2023.

<u>Innhald</u>	<u>side</u>
1. Plassering i høve nasjonale og regionale råmer	2 6
2. Hovedmål og delmål	7
3. Hovedaktivitetar	15
4. Tidsplan	16
5. Organisering	

1. Plassering i høve nasjonale og regionale rårer

Velferdsteknologi er ein vesentleg del av løysingane som skal gjere helse- og omsorgssektoren i stand til å oppretthalde og auke kvaliteten på tenestene i åra framover. Talet på personar med behov for pleie- og omsorgstenester aukar, medan talet på helsepersonell er forventa å gå ned. Digitalisering og å få med alle kommunane er ein vesentleg del av løysinga for å kompensere for dette.

Covid-19-pandemien har og løfta fram og tydeleggjort behovet for velferdsteknologi, avstandsoppfølging og andre digitale verktøy for å bidra til å trygga brukarar av helse- og omsorgstenestene, hindre smittespreiing og frigjere tid for helsepersonell.

Velferdsteknologi har og ein viktig rolle i høve beredskap. I Vestland fylke er ras, flaumar og storm ikkje uvanleg. Digitale løysingar og velferdsteknologi er derfor og eit viktig element i å nå fram til alle deler av fylket og å kunne levere naudsynte offentlege tenester også i krisesituasjonar.

Satsinga på velferdsteknologi er forankra i nasjonale og regionale rårer med NOU-ar, stortingsmeldingar og strategiar som legg føringar for kommunale helse- og omsorgstenester:

- Stortingsmelding 7 (2019-2020) «Nasjonal helse- og sykehusplan» tydeleggjer at det er «pasienten sin helseteneste».
- Perspektivmeldingen 2021 (Meld. St. 14 (2020–2021)) drøftar viktige utfordringar for norsk økonomi, for offentlege finansar og for videreføring av dei norske velferdsordningane i eit langsiktig perspektiv.
- «Verksemdstrategien for Helse Vest – Helse 2035» står følgjande. «Spesialisthelsetenestene og spesialistkompetansen må gjerast tilgjengeleg fleire stader».
- Nasjonalt velferdsteknologiprogram (NVP) vidareført med ein ny treårsperiode 2022-2024.

I regi av Nasjonalt velferdsteknologiprogram har det pågått utprøving av digital heimeoppfølging for kronisk sjuke pasientar. Resultata viser auke i kvalitet, tryggleik og kontroll over eiga helse for brukarane. Partnerskapen i E-helse Vestland har lukkast å få nasjonal finansiering for at kompetanseorganisasjonen Innomed kan gå inn med prosessretteiing i denne aktiviteten.

E-helse Vestland har og søkt om deltaking i det nye nasjonale programmet for velferdsteknologi 2022-2024, og med delvis statleg finansiering. E-helse Vestland er no eit av dei 15 prosjekta som er med i dette programmet, og som følger progresjonen og framdriften som ligg til grunn her.

Frå nasjonalt program til regional organisering, innovasjon og spreiiing i Vestland

Frå 2020 gjekk Hordaland og Sogn og Fjordane saman i Vestland fylke. Dette førde også til at dei to velferdsteknologiprojekta i fylka slo seg saman til ei samla stor satsing i heile Vestland. «Fylkesprosjektet - *Velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane*» knytt til IT-forum Sogn og Fjordane og «Vestlandsprosjektet» i Hordaland har arbeidd seg saman og har no vore totalt integrert i 2 år. Alle dei tidlegare partnerane er med og fleire kommunar har komme til. 34 kommunar er direkte deltakarar i 2022. E-helse Vestland og Digi Vestland skal samordne aktivitetane frå 2023 med mål om at alle 43 kommunane då skal bli med i den samla satsinga.



Fig. 1 Tidslinje for utvikling av det breie samarbeidet i Vestland

Gjennom alle åra med arbeid i Hordaland og Sogn og Fjordane har prosjektet utvikla eit stort nettverk både til kommunane og til ei lang rekkje brukarorganisasjonar og andre interessantar. Nettverka er særleg viktige for dei små kommunane der dette blir fagnettverk som deltakarane elles ikkje får i eigen kommune. Det er svært viktig både som ein felles kompetansebank og for å både behalde tilsett og i rekruttering av nye tilsette.

Brukarorganisasjonar som er direkte involvert er Fylkeseldrerådet, Fylkesnivå NSF, Fagforbundet Vestland og Pensjonistforbundet.

Prosjektet har etablert eit referansegruppe som inkluderer NAV, Husbanken, Hjelpemiddelsentralen, Frivillighetssentral, Samhandlingskoordinator sjukehu og Brannredning / Beredskap

Denne store partnerskapen skal sikre at fylket blir meir koordinert, skal vidareutvikle faglege aktivitetar og skal få med kommunane ut frå følgjande felles visjon:

Visjon:

«Alle innbyggerane i Vestland fylke skal kunne meistre og delta i kvardagen, og bu trygt og lengst muleg heime med velfungerande tenester støtta av e-helse, særleg velferdsteknologi».

Utvida samarbeid og samordning med Digi Vestland

E-helse Vestland har sidan starten hatt som mål å samarbeida med og bygge på andre relevante prosjekt og initiativ i Vestland fylke. E-helse Vestland og Digi Vestland har no inngått eit utvida samarbeid som skal gjelde frå 2023. Digi Vestland har ansvar for å koordinere og har det heilskaplege ansvaret for aktivitetane på e-helseområdet i Vestland, jamfør KS sin felles plan og rådeverk for e-helseområdet. KS har også oppretta eit nasjonalt kommunenettverk for innføring av velferdsteknologi. Det er utpeika velferdsteknologi-koordinatorar som arbeider utfrå mandat frå KS. Desse koordinatorane blir viktige samarbeidspartnerar.

E-helse Vestland konsentrerer hovudsakeleg innsatsen om brukarsida med tenesteytarane i kommunane og tenestemottakarane inkl brukarorganisasjonar. Prosjektet arbeider med brukarsida både hjå fagbrukarane i kommunane og sluttbrukarane ute i lokalsamfunna. Hovudinnhaldet er dermed tenesteutvikling og omstilling, kompetanseheving og opplæringstiltak i kommunane. Dette inkluderer dialog med brukargruppene i lokalsamfunnet,

felles evaluering og kunnskapsutvikling og dermed også i stor grad kunnskapsutveksling mellom kommunane i Vestland. Dette blir reflektert og presisert i målformuleringane og i dei konkrete arbeidspakkene (prioriterte hovedaktivitetar). Målet er at tenestetilbodet skal vera mest mogeleg brukartilpassa, effektivt, av god kvalitet og i samsvar med nasjonale føringar over heile Vestland fylke.

E-helse Vestland samarbeider og deler erfaringar og kompetanse med andre fylkesprosjekt som Trøndelagsløftet, E-helse Agder, Vestfold og Telemark og Innlandet, som også med i det nasjonale Velferdsteknologiprogrammet, og som igjen har samarbeid med andre prosjekt knytt til digitalisering i sine regionar. KS sitt kommunenettverk for innføring av velferdsteknologi og digital heimeoppfølging er og ein viktig samarbeidspart. E-helse Vestland bygger på erfaringar og gode samarbeidsmodellar nasjonalt.




Fig. 2 Koordinering Digi Vestland og E-helse Vestland

Begrepsbruk - e-helse og velferdsteknologi

E-helse blir brukt som ein samlebetegnelse som inkluderer velferdsteknologi, digital heimeoppfølging og når digitale einheiter blir brukt til helse- omsorg og sosiale føremål.

"Det utadvendte sjukehus Utadvendte sykehus skal yte mer helsehjelp hjemme hos pasienten, samarbeide mer, både fysisk og virtuelt, med kommunale helse- og omsorgstjenester og jobbe tettere med andre sykehus." (Nasjonalt helse og sykehusplan 2020-2023.)

2. Hovudmål og delmål

Utfrå behova for å utvikle samarbeid og styrke fagmiljøa som støttar kommunane i Vestland fylke med implementering av velferdsteknologi er hovudmål og delmål i prosjektet i 2023 følgjande:

Hovudmål 2023 (effektmål)

Prosjektet skal gjennomføre fjerde fase av ein fleirårig plan til 2025 der alle kommunane i Vestland fylke blir med. Prosjektet skal utvikle eit sterkt fagleg samarbeid for å samle, bygge og dele kunnskap og erfaringar som er kritisk for innføring av e-helse i kommunane. Kommunane skal vera i førarsetet og skal implementere og ha vesentleg gevinst av e-helse. Prosjektet skal støtte kommunane i å realisere det store potensialet i bruk av e-helse.

Hovudmålet skal realiserast gjennom følgjande sett av konkrete og målbare **delmål (resultatmål)**:

1. Forsterke effektar og vidareutvikle eit Vestlandsnettverk for velferdsteknologi
2. Digital heimeoppfølging i samarbeid med sjukehus og kommune
3. Vidareutvikle felles kompetanseoppbygging mellom alle kommunar og utdanningane
4. Redusere digitalt utanforskap
5. Vidareutvikle tenester for barn, unge og vaksne med medfødt eller tidleg erverva funksjonsnedsetting ved hjelp av heilheitlege digitale tenester og velferdsteknologi

3. Hovedaktivitetar

Kvart delmål blir knytt til ein hovedaktivitet. Hovedaktivitetane er organisert i ulike arbeidspakker med delaktivitetar, deltakande organisasjonar og budsjett. Kvar arbeidspakke er altså ein kjerneaktivitet i prosjektet.

Prosjektet har tett koordinering mellom dei ulike arbeidspakkane med samordning i høve til mål, ressursbruk og heilskapleg organisering.

Prosjektgjennomføring føl nasjonale retningslinjer, Nasjonalt velferdsteknologi-program og Digi hjem 2022-2024. I høve forrige prosjektperiode er tidlegare Arbeidspakke 3 "Nettverk for responscenterløysingar i Vestland" er slege saman med Arbeidspakke 2 "Digital heimeoppfølging".

AP1: Forsterke effektar og dyrke fram Vestlandsnettverket

Status pr 2022

- Kompetanseoppbygging og spreing av kunnskap til kommunane, utdanningar og samarbeidspartar
- Opplæringstiltak i kommunene
- Dialog med brukergruppene
- Kunnskapsutveksling mellom kommunar
- Sjukehus og kommunar i lag
- Arrangert Helseinnovasjonskonferansen 2022 i samarbeid med Helse Førde og andre samarbeidspartar

Prioriterte delaktivitetar i 2023

1.1 Inkludering av alle kommunane i Vestland via DigiVestland og samla prosjektleiing

- Felles prosjektleiing
- Gradvis inkludering av alle kommunane i Vestland gjennom det utvida samarbeidet og koordineringa med Digi Vestland.
- Arbeid med velferdsteknologisk knutepunkt (VKP) som ein felles aktivitet for alle kommunane
- Dokumentere og formidle behova til både små og større kommunar i Vestland fylke til nasjonalt nivå (dept/dir) og politikarar (Vestland fylkeskom, Stortinget) for å sikre at Vestland sine behov blir inkludert i nasjonale planar, og arbeide for at Vestland får naudsynte ressursar.

1.2 Forsterke effekten av NVP

Prosjektet skal supplere og forsterke effektane initiert av det nasjonale velferdsteknologi-programmet i kommunane som blir vidareført til 2024. E-helse Vestland skal forsterke og sikre gode effektar gjennom eit sett av fellestiltak som elles ikkje er muleg å gjennomføre.

Vidareføre dialogen for å sikre støtte til kompetanseutvikling etter tilrådingane også inkluderer prosedyrer for sikkerheit, personvern og kompatibilitet (DPIA-gruppa).

Dokumentasjon av gevinstar og effektar av ulike typar utstyr.

Vidareføre og vidareutvikle møteplassar for samhandling mellom næringsliv/ leverandører

Det nasjonale prosjektet oppfordrar også kommunane til nettopp å søkje Statsforvaltaren om midlar til slike fellestiltak. Tiltaka vil bli differensierte utifrå behova i kommunane. Nokre av aktivitetane vil bli samkøyrde i fylket, nokre regionalt og nokre lokalt i den enkelte kommune. Det vil vera ein variasjon av digitale og fysiske samlingar etter kva for behov ein skal dekkja.

1.3 Utvikle brukarperspektivet inkl brukarorganisasjonar og arbeidstakarorganisasjonar

Delaktiviteten har allereie sikra god dialog og brukarmedverknad i alle ledd både for tenestetilbydarar og tenestemottakarar. Arbeidet skal vidareførast med møter med brukarorganisasjonane. Organisasjonane som er med er Fylkeseldreråd, Pensjonistforbund, Ungdomsrådet, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), og fagorganisasjonar som HVO i fagforbundet og Norsk Sykepleierforbund fylkesnivået.

1.4 Vidareføre dokumentasjon av gode eksempel og behov i Vestland

Arbeidet med å dokumentere og formidle gode eksempel og behova frå kommunane i Vestland blir vidareført av Vestlandsforskning og Høgskulen på Vestlandet. Dette er viktig då dette viser dei realistiske og fungerande løysingar tilpassa behova i kommunar på Vestlandet. Kva er vilkåra for å lukkast med denne tidkrevande tenesteinnovasjonen? Arbeidet er grunnlaget for ein tidsserie som blir ein «Monitor» der status, resultat og planar blir dokumentert og føld opp årleg. HVL og Vestlandsforskning er partnarar i E-helse Vestland. I tillegg har E-helse Vestland kontakt med fleire sentrale forskningsmiljø som Norce og FHI og Senter for omsorgsforskning. Alle bidreg med sin kompetanse inn i prosjektet.

1.5 Vidareføre nettverkskoordinering

Samarbeidet med resursgruppene i tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane blir vidareført som eit viktig fundament for forankring og faglege innspel.

Deltakarar AP1

Kommunane, Utviklingssentra Hordaland, SFj og Fonna, Fonna, Høgskulen på Vestlandet/Senter for Omsorgsforskning, vidaregåande skular og fagskulane, Helse Vest/Helse Vest IKT, Vestlandsforskning og dergjennom IT-forum Vest, Brukarorganisasjonar

AP2: Digital heimeoppfølging

Status pr 2022:

Arbeidspakka omfattar tenesteutvikling for digital heimeoppfølging i nært samarbeid med sjukehusa og kommunane. Arbeidet bygger på dei nye helsefelleskapa sitt arbeid med å planlegge og utvikle tenester der teknologi bør vere ein integrert del av pasientforløpa. E-helse Vestland har gjennomført kartleggingsarbeidar og erfaringsoppssummeringar, forankringsarbeid, innhenta brukarråd og utifrå dette peikt ut vidare satsingar. Det har vore ei rekkje aktivitetar og seminar der både kommunar, sjukehus, utdanningar, forskning og brukarorganisasjonar har delteke. Ut frå brukarråd er det i første omgang starta opp aktivitetar omkring samkonsultasjon/ 3-parts video mellom sjukehus, kommunar og pasient. Planlagd gevinst er spart reisetid, nytteverdi for brukar og effektar for tenestene. Aktiviteten er også innvilga prosjektveiledning frå InnoMed, utifrå at det er eit stort prosjekt som femnar om samhandling på tvers av sjukehus og kommunar. Gjennom InnoMed er og E-helse Vestland blitt kobla på andre sentrale prosjekt i Vestland; e-hjerte rehab, trening Nordåsklinikken og

Pust deg betre i Førde. E- helse Vestland gir bistand til desse samarbeidsprosjekta og deltek i felles arrangement.

E-helse Vestland har søkt om deltaking i det nye nasjonale programmet for velferdsteknologi 2022 – 2024, og med delvis statleg finansiering. E- helse Vestland er no eit av dei 15 prosjekta som er med i dette programmet, og som følger progresjonen og framdriften som ligg til grunn her. Helsedirektoratet har i tilsagnsbrevet gitt merknader om at søknaden og deltakinga var tufta på utprøving av samkonsultasjonar, men at deltakinga i programmet rettar seg ut over dette – på område som eigarrapportering, monitorering, mottak og oppfølging. Det er difor levert inn revidert projektskisse og framdriftsplan 15.09 der desse elementa er på plass. Den reviderte projektskissa er no til behandling i Helsedirektoratet. I søknaden til Statsforvalterenn legg vi til grunn deltaking i det nasjonale programmet, delvis finansiering frå Helsedirektoratet og aktivitetar som skissert i den reviderte projektskissen.

E- helse Vestland er og part i eit prosjekt Kvinnherad/ Sogndal kommune som har fått midlar tildelt frå Vestland fylkeskommune om digital oppfølging/ berekraftig utvikling. Erfaringar vil bli delt med alle kommunar i prosjektperioden på 2 år.

E-helse Vestland har og hatt eiga arbeidspakke knytt til responstenestene. Dette blir no integrert i arbeidspakke 2 og blir vidareførast og forsterka for å spreie kunnskap og kompetanse på tvers av kommunane. Det skal gjere kommunane i betre stand til å velge løysingar som er hensiktsmessige og økonomisk/ fagleg forsvarlege og at responstenestene får sin plass i eit heilheitleg pasientforløp. Arbeidet bygger også på kartlegginga av kommunane sitt behov for kompetanse, ref AP3. Responstenestene har eit uutnytta potensiale i ein framtidig helseteneste og vil vere ei viktig brikke også i arbeidet med digital heimeoppfølging.

Prioriterte delaktivitetar i 2023

2.1 Planlegge og utprøving metodar og prosessar

- Utvikle samkonsultasjon for å oppnå felles teneste mellom brukar/ sjukehus og kommune.
- Gjennomføre digital heimeoppfølging i form av eigarrapportering, monitorering, oppfølging og respons – på tvers av sjukehus og kommunar.

Samkonsultasjon er ein viktig del av digital heimeoppfølging, då det handlar om å få til samarbeid på tvers av kommunehelseteneste, fastlege og spesialist. Her ser vi på alle deler som må på plass i eit samhandlingsforløp, med digitale kommunikasjonsløysingar, informasjonsdeling og dokumentasjonsflyt. Samkonsultasjonar er under uttesting i to område:

- Helse Førde/ Sogndal kommune.

Akutt psykiatri - avklaringar av situasjon og behandlingnivå. Dei utførande einingane er Indre Sogn Distriktspsykiatriske senter og Sogndal kommune. Planlagt utviding til omliggande kommunar i haust.

- Helse Fonna/ Kvinnherad og Ullensvang kommunar.

Vald område er sårbehandling. Planlagt utviding til omliggande kommunar. Siktemålet er at erfaringane frå bruk av samkonsultasjonar skal inngå som eit element i ein heilheitleg framstilling og vidareutvikling av digital heimeoppfølging.

Digital heimeoppfølging i form av eigarrapportering, mottak og oppfølging.

Til no har vi gjennomført førebauende arbeider, arbeider vidare med forankring og grunnlag for utprøving på fleire område. Det er pr i dag følgjande arbeider under realisering;

- Stad kommune - har etablert heimoppfølging gjennom deltaking i det første nasjonale utprøvningsprogrammet
- Stryn kommune (område ikkje valt enno – work shop i sept)
- Starta prosess i 5 andre kommunar.

Nye område for vurderingar i Helse Fonna og Helse Førde. Det er som ledd i satsinga på området lagt opp til ein møteserie/ work shop i 2023 i dei einiskilde helseforetaksområda, og to større felles samlingar for alle deltakande parter, jfr vedlagte prosjektplan til Helsedirektoratet. Dei lokale møta/ work shop vil bli søkt realisert i regi/ samarbeid med helsefellesskapa.

I tillegg føregår det eige arbeid i Haugalandskommunane Haugesund, Karmøy og Suldal. Har fått midlar frå Statsforvalteren i Rogaland, men område er ikkje valt. Realisering skjer i samarbeid med E- helse Vestland.

2.2 Vidare spreining

Metodikken og erfaringane vil blir spreidd til endå fleire kommunar. Fleire kommunar enn dei som no er i gang med aktivitetar har meldt interesse for å komme i gang. E-helse Vestland vil difor ta kontakt med alle kommunane, parallelt med den aktiviteten som alt er på gang. Prosjektet vil i samarbeid Digi Vestland ha kontakt med dei kommunane som pr i dag ikkje er med i e- helse Vestland om deltaking i vidare arbeid med digital heimeoppfølging.

Deltakarar

Kommunane nemnd ovanfor (og spesielt Stad kommune via deira nasjonale pilot for avstandsoppfølging), Helse Vest IKT, Helse Førde, Helse Bergen, Utviklingssentra Hordaland, Fonna og SFj, Responssentra i Vestland, Høgskulen på Vestlandet, Vestlandsforskning og fleire brukarorganisasjonar.

Gjennomføringa vil skje i regi av E- helse Vestland. Vi vil frikjøpe ressursar i dei områda vi har aktivitet, med sikte på å oppnå lokal forankring og kompetanse.

Alle kommunar som til no er med i ein aktivitet innan digital heimeoppfølging sorterer inn under anten Helse Førde eller Helse Fonna sin opptaksområde, jf. skriftleg forankra frå samhandlingsleiarane i begge helseføretaka. Den reviderte prosjektskissen inneheld planer for nye kommunar etter kvart vil kome med.

AP3: Felles kompetanseutvikling

Status 2022:

Arbeidet skal sikre meir likskap i tenestene og enklare opplæring av tilsette og brukarar. Kunnskapsbehov blir kartlagd i samarbeid med FoU-organisasjonane i prosjektet. Utifrå ulike kartleggingar vil prosjektet innrette tiltak, hovudsakleg via dei andre arbeidspakkane, i tråd med den kunnskapen vi får inn. I tillegg vil ein spreie kunnskapen ein får via kartleggingane, til kommunar, helseføretak utdanningsinstitusjonar, regionale og nasjonale myndighete.

E-helse Vestland er arrangør og medarrangør av ulike konferansar, seminar, fagdagar og Webinar, gjerne i tett samarbeid med dei andre partane i prosjektet. E-helse Vestland bidreg med utstrekkt undervisning ved ulike helse- og omsorgsutdanningar på høgskular, universitet, fagskular og vidaregåande skular, for at nyutdanna og tilsette som tek vidareutdanning får

oppdatert og relevant kunnskap på E- helse området. I prosjektet blir erfaringar og kunnskap delt med utdanning – og forskingsinstitusjonar, som dei igjen kan nytta i deira arbeid, eks vidareutvikling av utdanningsløp og forskning. Prosjektet vil også bidra med kunnskapsformidling og erfaringsdeling til Helsenæringa, eks. som medlem i Norwegian Smart Care Cluster (NSCC)

Eksempel på resultat:

- Gjennomført spørjeundersøking for å kartlegge kunnskap om velferdsteknologi hos tilsette i kommunane som er med E- helse Vestland. Rapport blir ferdigstilt nov. 22.
- Undervisning på fleire område og nivå
- Deltatt i planlegging av gjennomføring av "Velferdsteknologiens ABC" i samarbeid med dei tre USHTåne på Vestlandet
- Gjennomført/Tilbydd lokale møter med alle kommunar for å kartlegge behov
- Brukarråd og medverknad
- Bidrege med kunnskapsformidling og rådgjeving til Helsenæringa, ofte gjennom NSCC

Prioriterte delaktivitetar 2023

3.1 Kartlegge kompetansebehov gjennom spørjeundersøking.

Rapport blir utarbeidd med tilrådingar.

3.2 Gjennomføre faste møter med den enkelte kommunane for å kartlegge behov knytt til kompetanse

3.2 Bidra med undervisning hos kommunar og utdanningsinstitusjonar

3.3 Sette i verk kompetansehevande tiltak

Samarbeid med andre arbeidspakker, etter tilrådingar etter kartleggingar (punkt 3.1 og 3.2). Tiltak blir og gjennomført i nær dialog med andre relevante aktørar, eks. Statsforvaltaren, i høve tilgrensande aktivitetar, og for å få innspel til aktivitetar og arbeidsdeling om aktivitetar.

3.4 Teste ut og vidareutvikle Verktøykassen

Digital Implementerings og Samskapings Hjelp (DISH), som er eit resultat frå eit EU – prosjekt som nokon av partane i E- helse Vestland har delteke i.

3.5 Erfaringsoverføring med utdannings- og opplæringsinstitusjonane bygd på resultatata frå kartleggingar av behov i kommunane.

Her inngår også behovsformidling til Helsenæring.

Deltakarar AP3

Kommunane, Utviklingssentera Fonna, Hordaland og SFj, Høgskulen på Vestlandet, vidaregåande skular og fagskulane, Vestlandsforskning, IT-forum Vest, samarbeid med Alrek helseklynge Bergen og Norwegian Smart Care Cluster og fagorganisasjonar

AP4: Motverke digitalt utanforskap

Status pr 2022:

Å førebygge digitalt utanforskap er eit krevjande arbeid samtidig som det er ein føresetnad for at alle skal kunne inkluderast i tenestene som no er under utvikling og implementering. Undersøkingar gjort av Digdir viser at so mykje som 14 prosent av den norske befolkningen over 16 år har ingen eller låge digitale ferdigheiter. Dette utgjer ei gruppe på 600 000 menneske. Samtidig blir Norge digitalisert i stort tempo og både offentleg og privat sektor investerer store midlar i digitalisering av tenester. For å unngå at det blir eit A og eit B-lag når det gjeld å kunne bruke og ha nytte av digitale tenester må digitaliseringa også inkluderere tiltak for å motverke digitalt utanforskap. Utenforskap vil både true prinsippa om meneskeleg likeverd og lik tilk gang til offentlege tenester.

E-helse Vestland har etablert ein eigen aktivitet for å motverke digitalt utanforskap. Den omfattar erfaringsformidling av gode eksempel, vidareutvikling av samhandling mellom frivillige og brukarar/ tenestene, og legge til rette for slik opplæring på tvers av ulike teknologiske løysingar.

Aktiviteten bygger på og vidarefører aktivitetar frå eit tidlegare prosjekt. Dette har skapt møteplassar og kommunikasjon mellom generasjonar. Vi har særleg sett at vidaregåande skule og frivillige organisasjonar har eit stort potensiale for å bidra i sine lokalsamfunn.

Arbeidet har og identifisert at det er behov utover dei eldre, og at vi må og sette inn tiltak for andre grupper, som til dømes innvandrarar, personar med ulike sansetap, rus/psykiatri og personar med kognitiv svikt. Hovedpunkta i erfaringar so langt:

- Arbeidet må organiserast i eiga arbeidspakke for å få nok merksemd
- Arebeidet gjeld ikkje berre eldre
- Arbeidet tek tid og må vidareføre gode tiltak og strukturer for opplæring og hjelp til dei ikkje-digitale
- Utvikling av digital heimeoppfølg og digitale tenester må vere universelt utforma
- Kommunane etterspør nettverk, seminar og kompetanse på dette området

E-helse Vestland har fått etablert eit første sett av gode arbeidsmåte og erfaringar saman med kommunar. Dette arbeidet vil fortsetje i 2023 med etablering av faste strukturar for dei ulike målgruppene. Prosjektet har alt etablert godt samarbeid med næringslivet i høve bidrag på kompetanse og utstyr, og vil ha næringslivsaktørar med oss vidare i arbeidet.

Prioriterte delaktiviteter 2023

4.1 Fortsetje formidling av gode døme og utvide brukaraktiviteten i aukande nettverket av kommunar

4.2 Støtte samhandling mellom dei lokale resursane med særleg vekt på frivillige og kommunane, og kople på grunnskular og vidaregåande skular der dette er muleg

Deltakarar AP5

Kommunane, Utviklingssentra Fonna, Hordaland og SFj, frivillige organisasjonar, vidaregåande skular og næringsliv.

AP5: Velferdsteknologi til barn, unge og vaksne med medfødt eller tidleg erverva funksjonsnedsetting

Status 2022:

Innsatsområde for velferdsteknologi til barn og unge vart etablert som eigen hovudaktivitet i 2021. Seinare det året vart satsinga utvida og heitande velferdsteknologi til barn, unge og vaksne med medfødd eller tidleg erverva funksjonsnedsetting jfr. Nasjonalt velferdsteknologiprogram (NVP) si satsing. E-helse Vestland er eitt av prosjekta som deltek i NVP si satsing til målgruppa, der målsetjinga er «bedre tjenestetilbud med økt kvalitet til målgruppen, hvor digitale løysingar og velferdsteknologi bidrar til økt meistring for brukar, og mer effektiv bruk av tid og ressurser for kommunene.».

Teknologi kan gjer personar i målgruppa meir sjølvstendige og deltakande i samfunnet m.a. gjennom auka meistring, sjølvstende, tryggleik og sosial deltaking. Dette er eit samspel mellom menneske og teknologi som potensielt gjev auka kvalitet og sparde kostnader. Men det tek tid å realisera desse gevinstane. Behov skal kartleggast, tverrsektorielt samarbeid skal etablerast, kompetanse skal byggast, og rutiner skal utarbeidast. Digitale løysingar kan nyttast der personell tidlegare har ytt tenester, gjerne over lang tid. Og det kreves omstilling for brukar, pårørande og tilsette.

Det som kan vere ulikt andre velferdsteknologisatsingar er at mange i målgruppa har ekstra behov for forutsigbarhet og kjende rammer. Forståing for nytten av og behovet for nye løysingar kan vere redusert. Ein må difor gå stegvis fram, med både informasjon, opplæring, tilpassing og bruk av nye løysingar. Kompetanse om både mogelege digitale løysingar, lovverk og muligheiter innan velferdsteknologi, samt kjennskap til den enkelte brukar av teknologien sine behov treng vere på plass. Kompetansebygging må difor skje hos dei som er tett på brukaren enten det er der personen bur, går i barnehage/skule eller har sitt arbeid/aktivitet. Og dette utgjer ei stor gruppe som gjerne ikkje vart involverte i den føregåande tryggleiks- og meistringssatsinga. I tillegg brukar ein fleire typar velferdsteknologi og digitale løysingar, noko som gjer det meir komplekst.

Mange i av dei yngre i denne satsinga er vane med digitale løysingar gjennom oppveksten, både privat og i barnehage/skule. Dette inkluderer òg løysingar frå NAV Hjelpemiddelsentral. For at dette ikkje skal bli fragmentert og krevande landskap for brukar å manøvrere i, så er heilskap viktig å fokusere.

Sjølv om enkelte i målgruppa er fødd i digital tidsalder, så er ein sårbar for digitalt utanforskap av di digitale samfunnsfunksjonar ikkje er tilgjengeleggjort for alle eller er vanskeleg å forstå og handtere. For vaksne viser DFØ si [innbyggjarundersøking](#) at som vaksen person med nedsett funksjonsevne, er ein meir digitalt utanfor.

E-helse Vestland har etablert eit eige arbeidsområde for å arbeide spesielt med velferdsteknologi til personar med utviklingshemming. På dette feltet er Statsforvaltaren, habiliteringstenestene i spesialisthelsetenesta og USHT-ene viktige samarbeidspartar, av di inngripande velferdsteknologi sin definisjon som tvangstiltak.

Hovedsaktiviteten skal bygge på deltaking i Nasjonalt Velferdsteknologiprogram og setje i gang tiltak basert på gode modellar og erfaringar, rådgjeving, kunnskapsutvikling, utvikling av retningslinjer, opplæringsverktøy og samhandling utifrå ein heilskapleg tenestemodell.

Eksempel på resultat:

- Del av Nasjonalt velferdsteknologiprogram (NVP) si satsing og nettverk sidan 2021. Har 8 «spydspisskommunar»
- Gjennomført workshop-rekke med tema tenestereise sett frå brukarsida i perioden juni 2021 til mars 2022
- Etablert samarbeid med brukarorganisasjonar og tillitsvaldorganisasjon, NAV Hjelpemiddelsentral og Statped
- Gjennomført leverandørpresentasjonar i samarbeid med Norwegian Smarte Care Cluster i 2022
- Spreiing av erfaring og inspirasjon til andre kommunar gjennom møter, konferansar og samlingar
- o Bidragsytar til «MTEK for alle» om konferanse i Bergen november 2022
- o Samarbeid om Inspirasjonsdag i regi av USHT-ene desember 2022

Eksempel på kommunenivå:

- Alver kommune, Arbeids- og aktivitetssenter: Bruk av nettbrett for læring, utvikling og avkopling
- Alver kommune, Bufelleskap: Overgang frå manuelle dagtavler til digitale løysingar
- Fjaler kommune: Auka aktivitet hjå ungdom ved bruk av spelteknologi i avlastningshybel
- Luster kommune: Auka oversikt og sjølvstendigheit, og mindre behov for hjelp frå vaksen
- Luster: kvilande nattevakt erstatta med 4 tilsyn frå eksisterande nattevakt
- Luster: mindre konflikhtar over avtalar i heimen, og at brukar er blitt meir sjølvstendig ift skulearbeid og oppgåver i huset
- Voss: Spart tid og dermed ressursar for personale på natt. Meir tid disponibelt for andre brukarar i same buområde.
- Voss: Varslingsteknologi medført færre tilsyn på natt, mindre inngripande for brukar.

Prioriterte delaktiviteter 2023

5.1 Støtte til kommunane i arbeid med prosessforløp arrangert av Nasjonalt velferdsteknologiprogram (NVP)

- Prosessveiledning av NVP
- Rekruttere fleire kommunar til satsinga
- Leie prosjektgruppe
- Iverksette og vidareutvikle samarbeidet med andre aktuelle, involverte aktørar
- Deling av erfaring på tvers av kommunar, regionar og nasjonalt

5.2 Kompetanseheevande tiltak for ressurspersonar på området

- Monitorering av behov gjennom nettverket Tenketanken og satsinga si arbeidsgruppe, samt E-helse Vestland sine spørjeundersøkjingar innan kompetanse
- Tiltak sett i verk ut frå behov som vert melde i dei årlege informasjons- og dialogmøta med kommunane i E-helse Vestland, kompetansekartlegging (jfr. AP4) og dei ulike nettverk og arbeidsgrupper
- Auke kompetanse på tilpassing til individuelle behov
- Samarbeide med leverandørfeltet og visningsrom, med mål om auka kunnskap om aktuell velferdsteknologi for målgruppa hos ressurspersonar

5.3 Drift av nettverk for ressurspersonar («Tenketanken»)

- Målsetjing: kompetanseheving, delta i fagnettverk, erfaringsdeling, inspirasjon til aktivitet på området i eigen kommune
- Utvide tilbodet òg til kommunane i region Sogn og Fjordane
- Utvide tilbodet til dei resterande kommunane i Hordalandsregionen
- Gjennomføre 2 fysiske samlingar årlege, og 6-8 digitale samlingar

6. Tidsplan

Prosjektet blir gjennomført med kombinasjon av digitale løysingar som webinar og videokonferansar og fysiske møter/samlingar. Dei digitale løysingane fungerer godt for mange oppgåver.

Samtidig vurderer me det som heilt nødvendig å ha fysiske møte for ein del av tiltaka for å støtte dialog, refleksjon og læring i mindre grupper, og som ein del av prosessen mellom meir formelle webinar. Det å prøve ut ulike løysingar blir også ein viktig del av læringa i prosjektet, og for effektiv implementering framover.

Aktivitetane utanom samlingane for kommunar mm kan gjennomførast med heimekontor for aktuelt personell i dei aktuelle organisasjonane.

Prosjektet er planlagt frå 1. januar 2023 til 31.12.2023. Alle arbeidspakkene vil vera aktive i heile prosjektperioden.

7. Organisering

Prosjekteigar: Sunnfjord kommune

Prosjektansvarleg: Kommunalsjef omsorg i Sunnfjord kommune, Kirstin Bruland

Styringsgruppe

Prosjekteigar, kommunane med kopling med KS og styringsgruppa i Digi Vestland samt brukarrepresentantar og sentrale partnerar:

Styringsgruppa:

- *Sunnfjord kommune: Kirstin Bruland, leiar*
- *Representantar på rådmannsnivå oppnemnt i samråd med KS og samordna med styringsgruppa i DigiVestland, Terje Heggheim + 1 til*
- *Kommunalsjef: Monica Totland Melvold*
- *Brukarrepresentant, fylkeseldrerådet, Harald Ekroll*
- *Fylkesnivå NSF, Marita Hilleren*
- *Helse Bergen, Randi-Luise Møgster*
- *Helse Fonna - Reidun Rasmussen Mjør*
- *Helse Vest IKT, Ørjan Andersen*
- *Vestlandsforskning: Ivar Petter Grøtte*
- *HVL: Georg Førland*
- *Observatør: Statsforvaltaren i Vestland, Linda Svori*
- *Prosjektleiar er sekretariat for styringsgruppa*

Prosjektleiar: Kari Eidnes Bjørkheim

Samordningsgruppe (= prosjektet si «leiargruppe»)

Består at leiarane for dei 5 arbeidspakkene (+ andre etter aktuelle saker).

Dette er «leiar-gruppa» som skal støtte prosjektleiar i samordning, overvaking og planlegging av aktivitetar.

Forankringsgruppe (sikrar brei forankring resultatspreiing i kommunane)

- Prosjektleiar: Kari Eidnes Bjørkheim
- Inger Elise Grotle, Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS
- Kjell Kjølraug, Pensjonistforbundet
- Sigrun Bøe Perez, Fagforbundet
- Marta Strandos, USHT Vestland (Sogn og Fjordane)
- Anita Lønnebakken Sævild, E-Helse Vestland
- Nils Ingvald Halle, IKTNH
- Kjell Olav Bondevik, E-Helse Vestland
- Barbro Longva, Stad kommune
- Anita Foss Midlang, Sogndal kommune
- Cathrin Andresen Vagstad, SYSIKT
- Dagrund Kyrkjebø, Helse Førde
- Kirstin Bruland, Sunnfjord kommune
- Per Waardal, E-helse Vestland
- Siv Bjønnum, USHT Vestland (Hordaland)
- Kari H. Støfringsdal, Helse Vest IKT
- Kjersti Valvik, Fjaler kommune

- Annette Eri Norevik, E-helse Vestland
- Gro Helen Dyrdal Løvik, E-helse Vestland
- Solrun Hauglum, Vaksdal kommune
- Oddvin Neset, Masfjorden kommune
- Gro Kalvenes, Austevoll kommune
- Gunnhild Brenno, USHT Fonna
- Hilde G. Corneliusen, Høgskulen på Vestlandet
- Tone Elin Mekki, Høgskulen på Vestlandet
- Claudio Mentuccia, Ullensvang kommune

Referansegruppe (Ekstern høyringspartnerar)

Referansegruppe kan variere ut frå aktivitet og behov, og rapporterer via prosjektleiar/-forankringsgruppe.

- NAV
- Husbanken
- Hjelpemiddelsentralen
- Kommuneoverlege
- Frivillighetssentral
- Personvernombod
- Brukarorganisasjonar for unge og eldre
- Ulike lag-interesseorganisasjonar
- NSF
- Fagforbundet
- Samhandlingskoordinator sjukehus
- Brann-redning / Beredskap

Deltakarar i samarbeidet

Prosjektet har med seg alle kommunane frå tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane som var med i dei eksisterande nasjonale velferdsteknologiprojekta. Ein ny kommune er komen til, fleire er på veg til å blir med og alle kommunar i Vestland er inviterte til å delta i prosjektet.

Deltakande kommunar frå 2022: Sunnfjord, Stryn, Stad, Gloppen, Bremanger, Kinn, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Gulen, Solund, Høyanger, Vik, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal, Aurland, Masfjorden, Modalen, Vaksdal, Osterøy, Alver, Fedje, Austevoll, Bjørnafjorden, Voss, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Samnanger, Austrheim, Kvinnherad, Ullensvang. Totalt 34 kommunar. Nye kommunar som er invitert inn: Bergen, Øygarden, Askøy, Stord, Tynes, Fitjar, Etne, Bømlo og Sveio. Totalt 9 kommunar.

Deltakarar frå spesialisthelsetenesta i Vestland:

Helse Førde, Helse Bergen, Helse Fonna og HelseVest IKT

Deltakarar frå utviklingssentra i Vestland:

USHT Sogn og Fjordane, USHT Hordaland og USHT Fonna

Deltakarar frå utdanning og forskingsmiljøa:

Høgskulen på Vestlandet inkl Senter for omsorgsforskning og Vestlandsforskning/IT-forum Vest

USHT Hordaland er også lokalisert i Bergen kommune og har tett samarbeid her.

Vidare er E-helse Vestland teken opp i samarbeidet i klynga Norwegian Smart Care Cluster som vil gje innspel og vere dialogpartner i forhold til leverandørar/ næringsutvikling.